



SAKSHANDSAMAR  
Ingunn Holm

VÅR REF.  
13/02469-27

ARK. Forvaltningsarkivet  
311.1

DYKKAR REF.  
201308438-2/650EJWA

INNVALSTELEFON

+47 98202805

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
28.11.2013

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

Den regionale kulturminneforvaltninga og Riksantikvaren skal i fellesskap nå nasjonale mål på kulturminnefeltet fram mot 2020. Dette er Riksantikvarens årlege brev med prioriteringar for regional kulturminneforvaltning. Brevet er delt i ein generell del, og ein del som er spesifikk for den einskilde fylkeskommunen eller Sametinget.

**Forslag til statsbudsjettet for 2014, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som er gitt i kongeleg resolusjon, ligg til grunn for følgjande prioriterte områder:**

- **Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltning**
- **Vidare arbeid med bevaringsprogramma**
- **Fredingsarbeid for å sikre representativitet**
- **Samarbeidet og ansvarsfordelinga mellom regional og sentral kulturminneforvaltning som mynde og rådgjevar i kulturminnespørsmål vert stryka og gjort klarare**
- **Lovpålagte forvaltningsoppgåver er basis i regionalforvaltninga sitt arbeid**

### Føringar frå statsbudsjettet for 2014

I Prop.1 S (2013-2014) står måla for *Verdifulle kulturminne og kulturlandskap*, med tilhøyrande indikatorar. Desse måla er noko endra frå 2013 til 2014. Når det gjeld budsjettsituasjonen for kulturminnefeltet for 2014, har vi valt å sende ut dette prioriteringsbrevet før budsjettet er endeleg vedteke. Vi må derfor ta atterhald om dette. I det framlagte budsjettet og tilleggsproposisjonen er bevaringsprogramma styrka. Dette gjeld i hovudsak støtta til private eigarar av freda bygningar. Det er også ein liten auke til fartyvern.

### Kunnskapsløftet

Gjennom prosjektet *Kunnskapsløftet* arbeider Riksantikvaren for kompetanseheving på kulturminnefeltet. Satsinga rettar seg særleg mot kommunar og fylkeskommunar. Riksantikvaren skal arbeide vidare med å få betre kulturminnedatabasar for heile forvaltninga, betre tilgang til arkiva, registreringar, stads- og landskapsanalysar og planarbeid i kommunane. Fylkeskommunane og Sametinget bør også prioritere dette arbeidet.

*Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga vil prioritere følgjande i 2014:*

- framleis stønad til kommunane sitt arbeid med kommunale kulturminneplanar, samt arbeid med registrering og verdisetjing av kulturminne

- framleis digitalisering av Riksantikvarens arkiv
- utvida stønad til fylkeskommunar og andre regionale samarbeid om kompetansomodellar for å forbetre stønaden til kommunane sitt arbeid med kulturminneforvaltning
- framleis stønad til Sametingets arbeid med registrering av automatiske freda samiske bygningar
- fortsetje arbeidet med utviklinga av digital forvaltningsplattform med stønad for søking på tvers av databasar, rettleiingar for kulturminneforvaltninga og tenester for deling og gjenbruk av data
- utvikling av digitale verkty for å forenkle rutinane for arkeologiske dispensasjonar
- ferdigstille digitalt verkty for søknad, tildeling, oppfølging og rapportering på tilskot til freda bygg i privat eige (Bevaringsprogram FRIP).
- vidareutvikling av kulturminnedatabasen Askeladden, mellom anna for å kunne levere gode datasett til forvaltninga sine egne løysingar.

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltninga hjelper til innan relevante område i arbeidet med Kunnskapsløftet, og då med særleg vekt på rettleiing og oppfølging av kommunane sine egne registreringar og planarbeid. Vi viser også til det som står under nasjonalt mål 1.

Riksantikvaren vil i 2014, og vidare gjennom prosjektperioden, ha midlar til å støtte lokale registreringar og styrke oppfølginga til regionalforvaltninga av registreringar og planarbeid ute i kommunane. Vi vil gi eigen informasjon om føresetnader og søknadsprosess. Dersom regionalforvaltninga ikkje prioriterer å hjelpe kommunane i tilstrekkeleg grad, kan kommunane vende seg direkte til Riksantikvaren for å få økonomisk støtte til arbeidet.

Riksantikvaren forventar vidare at regionalforvaltninga er open for samarbeid og dialog i arbeidet med å spesifisere, utvikle og teste felles tenester og verkty i *Kunnskapsløftet*.

### **Verdiskaping**

Verdiskaping basert på kulturarv gjer at kulturminne og kulturmiljø blir tekne vare på og brukt. Moglegheitene for langsiktig vern blir såleis betre. Verdiskapingsarbeid hjelper til med at kulturminneforvaltninga blir samfunnsrelevant, utviklingsretta og løysingsorientert. Tilskotsmidlane til verdiskaping er svært avgrensa, og i 2014 vil Riksantikvaren prioritere Pilegrimsleden, Kultur- og naturreise og andre prosjekt som er i gang og som leverer gode resultat. Riksantikvaren vil også styrke verdiskapingsperspektivet i andre satsingar, og bruke tilskotsmidlar til bevaring på måtar som også gir verdiskapingseffekt.

Vi ber regionalforvaltninga sjå på bruken av verkemiddel på kulturminnefeltet i samanheng slik at tilskot, rådgjeving og andre innsatsar støttar opp om verdiskaping. Det er også vesentleg å utnytte samarbeidsmoglegheitene med andre, både private, offentlege og frivillige aktørar.

### **Samarbeid og ansvarsfordeling innan kulturminneforvaltninga**

Riksantikvaren har teke initiativ for at den samla kulturminneforvaltninga skal markere 200-års jubileet for Grunnlova i 2014. I jubileumsåret vil Riksantikvaren saman med fylkeskommunane feire Riksforsamlinga, grunnlovsarbeidet, eidsvollsmennene og deira bygningar, utviklinga av demokratiet og sikringa av Noreg sin fridom ved å rette fokus mot personar, stader og hendingar som sto sentralt i arbeidet med grunnloven og nasjonsbygginga i 1814. Vi vil ha ein tett dialog med dei enkelte fylkeskommunane i 2014, og ber om å bli halde orientert om til dei ulike prosjekta og arrangementa.

Riksantikvaren har no gjennomført dialogmøte i nesten alle fylke, og har halde innlegg i fleire fylkesting. Riksantikvaren kan også delta med innlegg i fylkesting i 2014 dersom fylkeskommunane ønskjer det.

Prøveprosjekt for delegering av mellombels styresmakt etter kulturminnelova, § 8 fyrste, andre og fjerde ledd er vidareførde ut 2014 (Sametinget og Buskerud fylkeskommune deltek ikkje). Deltakarane i prøveprosjektet skal rapportere i samsvar med gjeldande retningslinjer for prosjektet.

Det er nedsett ei arbeidsgruppe som er samansett av representantar frå Miljøverndepartementet, seks fylkeskommunar og Riksantikvaren. Denne gruppa skal utarbeide eit forslag til retningslinjer for budsjettering av undersøkingar med heimel i kulturminnelova § 9, jf. § 10. Forslaget vil bli sendt på høyring.

Riksantikvaren forventar at fylkeskommunane/Sametinget tek initiativ til samarbeid med kommunane om handtering av saker etter *Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord av 25.6.2013*, jf. våre tidlegare brev og kunngjeringar.

Riksantikvaren vil delegerer fleire oppgåver til fylkeskommunane vinteren 2014, og dette vil vi gjere greie for i eit eige prosjekt haust/vinter 2013/2014. Riksantikvaren ønskjer særleg å fase ut og overføre fleire 1. linjeoppgåver. Vidare er det eit ønskje å gjere heile kulturminneforvaltninga meir effektiv og lettfatteleg for publikum ved å samle nødvendig styresmakt på same forvaltingsnivå.

Mogelege oppgåver som kan delegerast er følgjande:

- 1. linje-oppgåver på mellomalderarkeologi
- Utvida dispensasjonsfullmakt for arkeologi
- Omgivnadane til automatisk freda kulturminne (mellomalderbygningar)
- Eit større tal listeførde kyrkjer
- Forvaltning av farty som er listeført og freda

Ei ny organisering av Kulturminneavdelinga hos Riksantikvaren frå 2014 vil gi eigne seksjonar for forvaltning og freding, og oppgåveporteføljen bli endra. Målet er å konsentrere innsatsen om høgt prioriterte oppgåver der direktoratet har ein samordnande og avgjerande funksjon.

I mange område er det etablert eit godt og nært samarbeid mellom regional kulturminneforvaltning og Statens naturoppsyn, SNO. Dette gjeld tilsyn, overvaking, skjøtsel og registrering av kulturminne. SNO er Miljødirektoratets tilsynsmakt og fører kontroll med bl.a. kulturminnelovgivinga sine avgjerslar. Dei har innsynsrett i Askeladden, og er underlagd teieplikt.

Riksantikvaren vil minne om at SNO ønskjer dialog med regional kulturminneforvaltning om samarbeidsprosjekt som gjeld tilsyn med, eller registrering av kulturminne. SNO inviterer til *bestillingsdialogmøte* der kulturminneforvaltninga kan leggje fram ønskjer om kva kulturminne det skal førast tilsyn og kontroll med, eller kor det bør utførast registreringar eller skjøtelsoppgåver. Desse møta er årleg i desember. SNO vil vurdere kva prosjekt som kan gjennomførast innanfor tildelte ressursar. I april året etter gir dei tilbakemelding om kva prosjekt som kan gjennomførast.

## Riksantikvaren sine føringer for 2014 i forhold til dei nasjonale måla

**Nasjonalt mål 6.1:** Tapet av verneverdige kulturminne skal bli minst mogleg. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere ei utval som skal takast vare på.

Plan- og bygningslova er det viktigaste verkemiddelet for å nå dette målet, i tillegg til samarbeid, informasjon, rådgjeving og tilskot.

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltninga:

- særleg prioriterer rettleiing til dei kommunane som er i gong eller skal i gong med å registrere og verdisetje kulturminne og kulturmiljø, og innarbeide desse i planar etter plan- og bygningslova. Planane må ha gode bevaringsvedtak
- bruker den nye rettleiaren for kommunane om utarbeiding av kommunedelplanar for kulturminne og kulturmiljø aktivt i rettleiinga si overfor kommunane ([http://brage.bibsys.no/riksant/bitstream/URN:NBN:no-bibsys\\_brage\\_45555/1/Veileder kulturminneplan.pdf](http://brage.bibsys.no/riksant/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_45555/1/Veileder_kulturminneplan.pdf))
- bidrar til gode analysar av landskap, byar og tettstader med kulturminne og kulturmiljø som premiss og ressurs. Vi tilrår bruk av verkty som landskapsanalyse, kulturhistorisk stadsanalyse (DIVE) og NB!-registeret. NB!-områda bør inn i kommunale planar som omsynssone med tilhøyrande gode vedtak. Riksantikvaren mottok gjerne korrigeringar/ suppleringar/ grunngevingar til dagens NB!-tekstar.
- gir kommunane tydeleg innspel om å vise større varsemd og vere kritisk når det blir planlagt store tiltak nær bevaringsområde, blant anna for å sikre integritet i bylandskapet
- set av pengar til verneverdige bygningar i eigen region
- vurderer konkrete samarbeidsprosjekt mellom friluftslivs- og kulturminnearbeidet i fylkeskommunen, medrekna prosjekt som kan brukast i *Friluftslivets år 2015*
- deltek aktivt i arbeidet med regionale utviklingsplanar og strategiar med sikte på tiltak knytt til verdiskaping på kulturminneområdet.

Utvikling og auka bruk av dei godkjende pilegrimsledane til Nidaros vil ha høg prioritet i satsingane i pilegrimsarbeidet. Fastsetjing og utvikling av kystleden til Nidaros vil framleis vere fylkeskommunane sitt primæransvar i samarbeid med bispedømma og muséa, og i nært samarbeid med Riksantikvaren.

**Nasjonalt mål 6.2:** Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Når det gjeld bevaringsprogramma for automatisk freda, arkeologiske kulturminne forventar Riksantikvaren at regionalforvaltninga

- følgjer opp arbeidet med bevaringsprogramma for bergkunst (BERG) og utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)
- oppdaterer og kvalitetssikrar informasjon om gjeldane kulturminne i Askeladden som følge av aktivitetar i programma

Riksantikvaren forventar også at regionalforvaltninga:

- følgjer opp arbeidet med kvalitetssikring av eldre registreringar i Askeladden

**Nasjonalt mål 6.3:** Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.

Riksantikvaren har, i samarbeid med regionalforvaltninga, kome langt i arbeidet med å kartleggje det som er freda, fordelt på geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidd. Riksantikvaren har gjort ein analyse av materialet og vil i 2014 jobbe vidare med tema for verneplanar og kulturmiljø som skal fredast fram mot 2020.

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltninga prioriterer:

- å delta i det vidare arbeidet med fredingsstrategien
- å medverka til å kartleggje det regionale kunnskapsgrunnlaget for etterreformatoriske, arkeologiske kulturminne
- som hovudregel berre starte nye fredingar når desse sikrar auka representativitet
- å avslutte pågåande fredingssaker
- å oppheve eller starte ordinær freding for alle mellombelse fredingar

### **Fredingsarbeidet**

Det er framleis behov for ein ekstra innsats på etterslepet i regionalforvaltninga vedrørende gjennomføring av fredingssaker. Det er vesentleg at arbeidet med fredingssaker som regionalforvaltninga arbeider med har framdrift i 2014. I den individuelle delen av forventningsbrevet er oversikt over dei enkelte sakene til kvart fylke sett opp. Etterslepet med fredingssakene bør samanliknast med dei nasjonale måla for 2020 og måla i fredingsstrategien.

Alle fylke som har pågåande fredingssaker bør gjennomgå sakene sine og vurdere om dei skal gjennomførast eller avsluttast. Riksantikvaren vil be om rapportering med konklusjonar og grunngeving for den einskilde saka innan 28.2.2014. Rapporten må innehalda sakene som fylkeskommunen vil vidareføre og ein realistisk framdriftsplan for gjennomføring.

### **Landsverneplanar i statleg sektor, forskriftsfreding**

Riksantikvaren vil oppmode regionalforvaltninga til å vere aktive i høyringsprosessane som vil kome i 2014. Regionalforvaltninga har kunnskap om lokale og regionale forhold som ikkje Riksantikvaren kjenner til. Det er vesentleg at relevante forhold knytt til dette kjem fram i høyringsprosessen. Også kommentarar eller stønad til utvalet er bra å få fram. Riksantikvaren skal slutthandsame forskriftsfreding av verneplanar for mange departement, bl.a. for Justis-, Finans- og Miljødepartementet.

**Nasjonalt mål 6.4:** Freda bygningar, anlegg og farty skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Det er 10 bevaringsprogram for sikring av kulturminne som skal bidra til å oppfylle desse måla. Tilskotspostar på statsbudsjettet går i all hovudsak til bevaringsprogramma.

Ved istandsetjing av freda bygningar i privat eige forventar Riksantikvaren at regionalforvaltninga sikrar kvaliteten i sakshandsaming, utførd istandsetjing og rapportering ved at:

- Alle tiltak som får tilskot skal vere registrert i Askeladden med minimum hovudtilstandsgrad før istandsetjing. Tilsegn om tilskot skal vere følgt opp med tilsagnsbrev og ev. dispensasjonsvedtak som gir tilstrekkeleg detaljert grunnlag for styring av utføringa.
- I samanheng med ny omtale av bevaringsprogrammet for freda hus i privat eige og etterfølgjande ny tilskotsmodul i Askeladden, vil det bli ein del nye presiseringar i forhold til bruken av midlane i komande tilsagnsbrev.

- Istandsetjingstiltaka skal følgjast opp av regionalforvaltninga undervegs. Om det ikkje er tilstrekkeleg oppfølgingskapasitet, kan 5 - 15 % av tilskotsummen brukast til antikvarisk byggeleing og dokumentasjon.
- Når tiltak blir fullført, skal det leverast økonomisk rapportering og ein enkel rapport med bilete frå det fysiske arbeidet, sjølv om ikkje alle skader på bygningen er reparert. For å sikre kulturminneforvaltninga sitt grunnlag for vidare rapportering skal regionalforvaltninga leggje ny tilstand inn i Askeladden når tiltaket er slutført.

**Nasjonalt mål 6.7:** Areal brukt til landbruk skal verar berekraftig forvalta innan 2020.

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltninga:

- hjelper landbruksavdelinga hos fylkesmannen, kommunar og grunneigarar med faglege råd i bruken av verkemidla i landbruket generelt og forvaltninga av *Utvvalgte kulturlandskap i jordbruket* spesielt. Denne satsinga er eit spleiselag mellom miljø- og landbruksforvaltninga og er heilt avhengig av aktiv medverknad frå kulturminneforvaltninga. Det er behov for økt stimulering og fagleg kvalitetssikring av tiltak. I 2014 blir spesielt resultatmål og miljøeffektar vektlagt av satsinga, samt profilering og utoverretta kommunikasjon.

### **Stortingsmelding 35, Framtid med fotfeste**

Riksantikvaren viser til stortingsmeldinga og ønskjer å trekkje fram einsskilte fråsegnegitt ved handsaminga av denne i Stortinget, og som viser viktige politiske tendensar og prioriteringar kulturminneforvaltninga bør ta omsyn til. Det er tverrpolitisk einigheit på Stortinget om oppfølging av **dei nasjonale måla** for kulturminnepolitikken gitt i «Leve med kulturminne» og Riksrevisjonens merknader i forvaltningsrevisjonen.

**Det er også einigheit om at dei private eigarane sin innsats** i å ta vare på freda kulturminne må bli anerkjent gjennom gode og stabile rammevilkår. Dei økonomiske **incentiva** må bli betre. Arbeidet med freding og andre statlege verkemiddel må byggje opp under **eigarane og brukarane sin motivasjon** for å ta vare på og bruke kulturarven.

**Utdanningstilboda** innanfor små og verneverdige handverksfag må styrkjast.

**Kommunenes og den øvrige forvaltninga si** evne og kapasitet til å ta rapporterings- og sakshandsamingsverktøya i bruk er avgjerande for resultatet av **Kunnskapsløftet**.

Dei noverande regjeringspartia meiner at det blir lagt for store **byrder på private eigarar** når det i einsskilte saker blir verna bygg/anlegg av avgrensa verdi, og at eigarar som får bruksverdien redusert gjennom vern, må få **økonomisk kompensasjon**. Det blir foreslått **skattefrådrag** for restaureringskostnader og fritak frå kommunal eigeidomsatt.

Vidare vil desse partia at det blir innført **fristar** for gjennomføring av fredingstiltak, **tidleg og reell medverknad** for eigarane, utgreiing av **konsekvensar** og tilbod om oppfølging overfor eigarane.

Det er også ønskje om at det blir laga ein modell for **prioritering og finansiering av arkeologiske kulturminne** som gir betre balanse mellom vedtak om utgraving og finansieringa av den (H/Krf). Staten må dekkje utgravingskostnader på privat grunn (Frp).

### **Særlege utfordringar for regionalforvaltninga i Hordaland**

Ovanfor er det vist til sentrale føringar innan kulturminneforvaltninga. Det er fleire måtar å nå måla på, og det er ønskjeleg at den einsskilte regionalforvaltning, innanfor lover og forskrifter,

kjem med sine egne løysingar. Andre satsingsområde kan sjølvstøtt også vektleggjast, men skal ikkje fortrenge arbeidet som relaterer seg til nasjonale mål med tilhøyrande indikatorar.

Vi har bedt fylkeskommunen spele inn særlege satsingar og utfordringar. Hordaland har spelt inn følgjande:

### **Prioriterte satsingar**

*Kulturminnekompetanse i kommunane 2013 - 2016:*

- Som oppfølging av Riksantikvaren si satsing, Kunnskapsløftet, har Hordaland fylkeskommune utarbeidd prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013- 2016», der midlane frå Riksantikvaren skal kombinerast med fylkeskommunal og kommunal kompetanse og midlar.

*Samarbeid om kulturminnevern og museum*

- Fortsett arbeid med å styrkje samarbeidet mellom kommunane, musea og fylkeskommunen. Målsettinga er at kulturminne- og museumsfeltet vert styrka som ressurs i samfunnsplanlegginga, og at formidling og skjøtsel skal gjerast i partnerskap.

*Regional plan for kultur 2014-2024*

- Avslutte arbeidet med Regional kulturplan som skal gje retning for vern og vidareutvikling av både kulturminne og kulturmiljø.

### **Utfordringar**

*Redusere omfattande tap av lokale kulturminne:*

- Auke forståelsen i kommunane for kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga, i utviklinga av gode lokalsamfunn og i forvaltninga av kulturhistoriske landskap. Utvikle partnerskap for å styrkje kommunalt kulturminnevern.

*Teknisk- og industrielle kulturminne*

- Store og omfangsrrike bevaringsoppgåver knytt til tekniske og industrielle kulturminne- og miljø gjer at det er nødvendig å utvikle nye strategiar og metodar. Samarbeid skal utviklast med nasjonale og internasjonale partnerar.

*Formidling og skjøtsel:*

- Vidareutvikle fersk satsing (arkeologiske kulturminne, krigsminne, landskap, ny teknologi)

### **Riksantikvaren sine kommentarar**

Hordaland sine prioriterte satsingar er sentrale i Riksantikvaren sitt arbeid i åra framover. Vi ser at fylkeskommunen har etablert prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013- 2016*, og vil oppmode fylkeskommunen om å vidareføre dette til å bli ei langsiktig satsing i samarbeidet med kommunane i fylket.

Vi ser at dei punkta som fylkeskommunen framhevar som utfordringar, er krevjande for forvaltninga. Samarbeid og oppfølging av kommunane for å auke forståinga i kommunane for kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga, i utviklinga av gode lokalsamfunn og i forvaltninga av kulturhistoriske landskap er eit viktig satsingsområde innanfor kunnskapsløftet, og Riksantikvaren vil bidra med rettleiing og midlar til dette i 2014. Dette vil vere eit godt bidrag til å redusera tapet av lokale kulturminne.

Bevaring av store tekniske og industrielle anlegg er krevjande. Riksantikvaren vil gjerne delta i diskusjonar for å forbetre metodar og avklare roller i slike saker. Moglegheitsstudien for Odda smelteverk vil ligge føre våren 2014. Riksantikvaren ønskjer ei nær samhandling med fylkeskommunen om det moglegheitsrom utvikling av smelteverkstomta har, med tilstrekkeleg omsyn til dei freda bygningane og anlegga.

Hordaland fylkeskommune har oppnådd gode resultat i 2013. Første del av prosjekt fredingsgjennomgangen er avslutta. Dette er bra, sjølv om det også er mykje som står att her. Det er fint at fylkeskommunen har styrka museumsfelt og etablert nye stillingar i eigen administrasjonen og på musea. Styrka satsing i fylkeskommunen på formidling og skjøtsel av kulturminne er eit godt tiltak, og kan gje ei større forståing og interesse for å bevare kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har i alt 27 pågåande fredingssaker, der ei sak er starta i løpet av det siste året. I desse sakene er det generelt dårleg framdrift. Sakene er i hovudsak enten mellombels freda eller det er berre sendt varsel om at saka er starta opp. Det har ikkje vore framdrift i sakene sidan dei blei starta, og det er mange saker som byrjar å bli svært gamle (opptil 21 år gamle). Hordaland fylkeskommune har varsla at dette nå skal prioriterast og Riksantikvaren ventar at det vert gjort. I møte med fylkeskommunen i september 2013 blei det rapportert at m.a. sakene om Forum kino og Lars Hillesgate 27 skulle på høyring i desember 2013 og at Sandviksboder 15-24 skulle startast på nytt og ha god framdrift i 2014. Det blei også lagt fram forslag om saker som skulle avsluttast. Alle sakene som er starta opp før 2005 er ein del av *Fredningsgjennomgangen* og Hordaland fylkeskommune har teke i mot tilskot frå Riksantikvaren for gjennomføring.

Det er 18 anlegg som er mellombels freda i fylket. For desse anlegga må status avklarast snarast råd. Å ikkje starte freding innan rimeleg tid bryt med god praksis i forvaltinga. Leiinga i fylkeskommunen må ta tak i dette. Dersom det ikkje vert gjort, må dei mellombelse fredingane opphevast. Ut frå oversiktene våre kan vi ikkje sjå at det har skjedd noko med dette i 2013. Det er svært viktig at fylkeskommunen prioriterer dette arbeidet i 2014.

Kommune	fredingssak	§	oppstart	mellomb.fred.
Austevoll	Sjøbruksmiljø på Fagerbakke, Fagerbakkvågen	22.4, jf. 15,19		29.03.2010.
Bergen	Sandviksboder 76a, Lehmkuhlboden	22.4, jf. 15		03.07.2006
Bergen	Sandviksboder 3, Haukedalsboden	22.4 jf. 15		03.09.2007
Bergen	Sandviksboder 69	22.4, jf. 15		08.06.2006
Bergen	Sandviksboder 71	22.4, jf. 15		08.06.2006
Bergen	Sandviksboder 70	22.4, jf. 15		09.06.2006
Bergen	Sandviksboder 71a	22.4, jf. 15		09.06.2006
Bergen	Sandviksboder 72	22.4, jf. 15		09.06.2006
Bergen	Sandviksboder 15-24	22.4, jf. 15		24.06.1992
Bergen	Måseskjæret 10, Sandviksboder 81, Måseskjærbod	15	04.10.2001	22.06.2005
Bergen	Sandviksboder 78b, Holmefjordboden	15 (22.4)	10.10.2001	07.07.2006
Bergen	Sandviken	20	18.03.2007	
Bergen	Parkveien 34	22.4, jf. 15		19.01.2001
Bergen	Reimers & Søns eff. AS, tobakksbutikk, Torvalm. 8	22.4, jf. 15		22.10.2003
Bergen	Lars Hilles gt 29	22.4, jf. 15		25.05.2005
Bergen	Kong Oscars gate 70	22.4 jf. 15		03.07.2009
Bergen	Nygårdsparken	22.4 jf. 15		29.04.2011
Bergen	Forum kino, Fjøsangerveien 28	15	sept. 2009	19.01.2006
Bergen	Rådhuskvartalet, del av	15	19.10.2009	
Bergen	Vaskerelven 32	15	19.10.2009	
Bergen	Klostergaten 28, Stranges stiftelse, gnr./bnr. 165/272	15	16.11.2011	
Bergen	Lønningen gård, Lilandsvegen 133			05.07.2013
Bergen	Lars Hilles gt 27, bensinstasjon			28.10.2011
Etne	Stødle, Sørheim, Austrheim (Stødleterrassen)	19 (15)	29.09.2000	29.09.2000
Granvin	Ystås, gnr 115	15, 19	19.10.2009	
Kvam	Bjølvo 1 - kraftanlegg	22.4 jf. 15		24.06.2009
Tysnes	Årbakka (gravsted m/bautasteiner)	22.4, jf. 19		17.01.1995
Voss	Tysk flyvrak, Focke-Wulf 200, styrta i Kvitanosi under 2.verdenskrig	22.4 jf. 15		01.08.2005



Riksantikvaren er glad for at fylkeskommunen har sagt ja til at Hordaland skal vere prøvefylke for å identifisere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Arbeidet starta hausten 2013 og vil bli gjennomført i løpet av 2014.

Kystpilegrimsleia til Nidaros er driven fram av fylkeskommunane og bispedømeråda. Det er også ei prioritert satsing for Riksantikvaren. Vi ber fylkeskommunen gje midlar til gjennomføringa av prosjektet og samarbeide om aktivitetar og markeringar i 2014 då det er planlagt å lansere leia.

Riksantikvaren ser fram til eit godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune i 2014.

Beste helsing

Jørn Holme

Kopi til: Miljøverndepartementet , Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo